



NORDFJORDRÅDET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 14.05.2012

Møtetid:

Kl. 10:00 – 16.00

Møtestad: Kulturhuset i Stryn

Saknr.:

009/12 – 013/12

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Anne-Britt Øen Nygard, Hornindal kommune Morten Hagen kom til sak 012/12.		Idar Nygård	

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ottar Nygard
Frå adm. møte:	Sekretær Sigmund Vereide
Utlevert i møtet:	
Orienteringar:	<ul style="list-style-type: none">• «Subsea bachelorutdanning i Florø» av prosjektleiar i Fram Flora, Kristin Maurstad (20 min).• Framtidsfylket/NyKunnskap – evaluering Karrieremessene (45 min)• Nordfjord revisjon, KRYSS revisjon og SF-revisjon IKS, styreleiar i SF-revisjon, Arne Hovland (30 min)• Utfordringar politiet i Sogn og Fjordane står ovanfor, Johan Brekke og Tormod Hvattum (45 min)• Orientering om habilitet i kommunar, særleg om innskjerpinga i habilitetsreglane for offentlege tenestemenn og folkevalte som òg er leiar eller medlem av styre eller bedriftsforsamling i eit offentleg eigd selskap. Turid Måseide, juridisk sjef Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (30 min)• Tema pensjon: Bjarne F. Refsnes, seniorkonsulent (90 min)<ul style="list-style-type: none">- Ny folketrygd – hva betyr det for pensjonsnivå og

	<p>tjenstepensjonsordningen i fremtiden?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hva skaper kostnadene i kommunenes pensjonsordning – og hva kan kommunene påvirke? - Hvilke alternativer har kommuner når det gjelder pensjonsløsninger? <ul style="list-style-type: none"> • Nordfjordkonferansen til hausten
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
009/12	Referatsaker
010/12	Søknad om midlar frå Reisemål Stryn&Nordfjord
011/12	Framtidig organisering av partnerskap for karriererettleiing Sogn og Fjordane Søknad om støtte til Partnerskap Nordfjord om 50% stilling.
012/12	Samferdsel i Nordfjord, framlegg frå samferdselsgruppa i Nordfjodrådet til nytt pkt. 3 i Handlingsplan 2012 -2013.
013/12	Fråsegner om samferdsel i Nordfjord
014/12	Fråsegn om brotet i jordbruksforhandlingane

Orientering -/ Drøftingssak:

10.00: «Subsea bachelorutdanning i Florø» av prosjektleiar i Fram Flora, Kristin Maurstad

10.25: Framtidsfylket/NyKunnskap – evaluering Karrieremessene (orienteringa gjekk ut pga. sjukdom, vert tatt opp att i møte 18. juni)

11.10: Nordfjord revisjon, KRYSS revisjon og SF-revisjon IKS, styreleiar i SF revisjon, Arne Hovland, (30 min)

11.40: Utfordringar politiet i Sogn og Fjordane står ovanfor, Johan Brekke og Tormod Hvattum (45 min)

12.25: Orientering om habilitet i kommunar, særleg om innskjerpinga i habilitetsreglane for offentlege tenestemenn og folkevalte som òg er leiar eller medlem av styre eller bedriftsforsamling i eit offentlig eigd selskap. Turid Måseide, juridisk sjef hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (30 min)

13.00: Lunch

13.30: Tema pensjon: Bjarne F. Refsnes, seniorkonsulent (90 min)

- Ny folketrygd – hva betyr det for pensjonsnivå og tjenstepensjonsordningen i fremtiden?
- Hva skaper kostnadene i kommunenes pensjonsordning – og hva kan kommunene påvirke?
- Hvilke alternativer har kommuner når det gjelder pensjonsløsninger?

15.00: Nordfjordkonferansen til hausten (drøftingssak)

Framlegg:

Tid: Siste del av oktober

Tema:

- Energi effektive bygg for framtida
 - kva kan kommunane gjere på sine bygg og tilrettelegging for innbyggjarane?
 - kva kan privatfolk gjere?
 - bli kjent med støtteordningar

Alternative tema kan vere:

- Reiseliv
- Grøn Energi
- Næring og arbeidsrekruttering i Nordfjord

14.05.2012 NORDFJORDRÅDET

NFRÅ VEDTAK:

Drøftingsaka om Nordfjordkonferansen vart utsett til neste møte 18. juni.



NORDFJORDRÅDET

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Nordfjordrådet	14.05.2012	009/12	SIV

Avgjerd av: Saksansv.: Sigmund Vereide	Arkiv: Namn-, Namn- Objekt:	Arkivsaknr
---	---	-------------------

REFERATSAKER

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1			22.03.12	Demensforeininga i Vågsøy ved Ellinor Lillestøl	Nedlegginga av slagavd. og overvåkinga på Nordfjord Sjukehus.
2			10.04.12	StangMedia AS	Tilbod om mediahandteringskurs
3			11.04.12	Arve Østgaard Sentio Resaerc Norge AS	Borgerundersøkelsen 2012 Tilbod om undersøking
4			16.04.12	Reisemål Stryn&Nordfjord	Søknad om kr. 120.000 til «Nordfjord Topp 20 – vandring»
5			24.04.12	Selje kommune	Nasjonalt Transportplan 2014. Uttale frå kommunestyret
6			02.05.12	Eid kommune	Nasjonalt Transportplan 2014. Uttale frå kommunestyret

7	14.05.12	Bremanger kommune v/ordfører	Munnleg orientering om at dei vurder å melde seg ut av Nordfjordrådet
8	14.05.12	Frå partnerskapen Karrieresenter i Nordfjord	Kopi av invitasjon til Konferanse om karriesentre og partnerskap 12. – 13. juni 2012

LEIAR SI TILRÅDING:

Ref: 1-7: Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Ref: 8: Det vert handsama på mail kven som møter frå Nordfjord

Anne-Britt Nygard
- leiar -

14.05.2012 NORDFJORDRÅDET

NFRÅ-009/12 VEDTAK:

Leiaren si tilråding var samrøystes.



NORDFJORDRÅDET

Møtebok

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Nordfjordrådet	14.05.2012	010/12	SIV

Avgjerd av: Saksansv.: Sigmund Vereide	Arkiv: Namn-, Namn- Objekt:	Arkivsaknr
---	---	-------------------

SØKNAD OM MIDLAR FRÅ REISEMÅL STRYN&NORDFJORD

-Nordfjord Topp 20

Bakgrunn for saka:

Det vert søkt om kr. 120.00 til Nordfjord Topp 20.

Nordfjord Topp 20 er merkenamnet på ei ny satsing frå Reisemål Stryn & Nordfjord.

Nordfjord Topp 20 skal innehalde utvalde kvalitetsprodukt innan ulike konsept.

Den første i rekkja er "Nordfjord Topp 20 – Vandring".

"Nordfjord Topp 20 – Vandring" er Reisemål Stryn & Nordfjord si satsing på å gjere Nordfjord til ein av landets beste vandredestinasjonar.

Ein av strategiane i Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025 er å få fram fyrtårn som skal vise veg til Sogn og Fjordane. Desse fyrtårna skal løfte oss opp slik at vi også får vist fram dei andre attraksjonane i fylket. Vi treng fleire besøkande til fylket vårt for å få opp lønnsmda i næringa. Like viktig er det at betre lønnsemd vil stimulere til vedlikehald av produkt, produktutvikling og betre marknadsføring.

Det same gjeld for Nordfjord-regionen. Vi har mange attraksjonar og aktivitetar i Nordfjord, men vi slit med å få tilstrekkeleg besøk på desse. Ved å plukke ut nokre av dei aller beste, bygge konsept rundt desse og gjere dei tilgjengelege for sal på ein betre måte, vil dette skape ringverknader langt utover dei utvalde attraksjonane. Nordfjord Topp 20 blir Reisemål Stryn & Nordfjord si satsing på fyrtårn samtidig som det vil bli ei unik satsing på merkevarebygging av regionen vår.

Saksutgreiing (opplysningar henta frå prosjektplanen):

Prosjektleiing

Prosjektet er organisert slik:

- Prosjekteigarar (PE) : Reisemål Stryn & Nordfjord, kommunane i destinasjonssamarbeidet.
- Prosjektansvarleg (PA) : Styreleiar, Reisemål Stryn & Nordfjord
- Styringsgruppe (S) : Styret for Reisemål Stryn & Nordfjord
- Prosjektleiar (PL) : Dagleg leiar, Reisemål Stryn & Nordfjord

- I tillegg til styringsgruppa vil dei ha ei referansegruppe samansett av representantar frå kommunane i regionen; Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Stryn og Gloppen. Denne gruppa blir sentral i høve val av løyper og i potensielle grunneigar spørsmål som t.d. merking, skoging og parkering.

Reisemål Stryn & Nordfjord vil også jobbe tett med grunneigarlag og bondelag der desse er etablerte. Prosjektet vil trenge eksterne ressursar på utvikling av konsept og profil samt sjøve produktet. Aktuelle samarbeidspartnarar er eit designbyrå på konsept og profilutvikling og f.eks. Naturservice AS i høve utvikling av rutene, sikring, tilrettelegging, skilting osv. Det er viktig at alle naturinngrep blir gjennomført på ein berekraftig måte.

Kostnader og finansiering

Hovudbudsjett spesifisert på postar

Prosjektleiing v/Reisemål Stryn & Nordfjord	kr. 72.500
Inkl. alle oppgåver som RSN skal gjennomføre	
Prosjektadministrasjon styringsgruppe/ref.gruppe	kr. 67.500
Konseptutvikling	kr. 167.500
Lansering/skilt/trykt materiell	kr. 100.000
Reise/diett	kr. 10.000
<hr/> SUM	kr. 417.500

Finansiering av forprosjektet:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune	kr. 200.000
Reisemål Stryn & Nordfjord	kr. 97.500
<u>Kommunane</u>	<u>kr. 120.000</u>
<hr/> SUM	kr. 417.500

Vurdering:

Prosjektet er spanande og ei viktig satsing for Nordfjord innan reiselivsutvikling og kan gje Nordfjord ei fin profilering og positiv merksemd kring ei veksande interesse for vandring. Det lett sakshandsamingsprosessen for alle partar om rådet løyver denne delen som budsjetttert frå kommunane.

Nordfjordreådet har budsjettpost «Rekruttering og profilering», som for 2012 er på tilsaman kr. 400.000 og per dato er ubrukt.

LEIAR SI TILRÅDING:

Nordfjorderådet løyver kr. 120.000 som omsøkt til Reisemål Stryn&Nordfjord.
Løyvinga vert finansierert av budsjettpost «Rekruttering og profilering».

Anne-Britt Øen Nygard

- Leiar -

14.05.2012 NORDFJORDERÅDET

NFRÅ-010/12 VEDTAK:

Leiaren si tilråding var samrøystes.



NORDFJORDRÅDET

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Nordfjorderådet	14.05.2012	011/12	SIV

Avgjerd av: Saksansv.: Sigmund Vereide	Arkiv: Namn-, Namn- Objekt:	Arkivsaknr
---	---	-------------------

FRAMTIDIG ORGANISERING AV PARTNERSKAP FOR KARIERERETTLEIING

- Søknad om støtte til Partnerskap Nordfjord om 50% stilling

Bakgrunn for saka: Søknad frå partnerskapen i Nordfjord, tidlegare fråsegn 12. mars til Sogn og Fjordane FK og orienteringar om saka på Nordfjorderådet sine møter 12.12.11 og 20.01.12.

Nordfjorderådet har motteke slik søknad den 8. mai:

«Nordfjorderådet v/ leiar

Oppmoding om delfinansiering av stillingsressurs til regional kariereettleiing/koordinering.

Viser til tidlegare presentasjonar i Nordfjorderådet og felles høyringssvar frå regionen. Der ein tek sikte på å få på plass ei felles teneste mellom NAV, kommunane og fylkeskommunen i regionane frå 01.08.12. Den lokale partnerskapen vil med dette oppmode Nordfjorderådet om å finansierar det kommunale bidraget med inntil 50% stillingsressurs i to år. Noko som og samsvarar godt med høyringssvaret frå regionen, og vedtak som Hafs-regionråd har fatta.

Vonar på positiv handsaming.

På vegne av den lokale partnerskapen
Magnar Aase»

Saksutgreiing:

Gjennom to orienteringar i rådet og tilslutning til felles høyringfråsegn frå partane i Nordfjord er føremålet og ynskje om organisering vel kjent.

Kort oppsummert er historikken og føremålet slik (utdrag frå søkjar sitt eige notat):

Prosjekt ”Karriere Sogn og Fjordane” (forløparen til framtidig organisering):

I prosjektet har det vorte jobba godt i regionen med å sette fokus på å ha god og betra karriererettleiing (koordinering av aktivitet, betra overgang ungdomstrinn og utarbeiding/implementering av felles rammer/mål.) Siste året har ein og jobba aktivt med partnerskapen regionalt (NAV, Kommunane, fylkeskommunen (vgs) og næringshagane/vekstselskap i regionen). God kjemi og at ein har sett verdien av arbeidet har prega arbeidet.

Behov for Karriere Sogn og Fjordane/Karriere Nordfjord:

I prosjektet har ein tydeleg sett:

- Behov for meir kunnskap og samarbeid på tvers av partnarane.
- Behov for koordinering og samling av fagkompetanse i regionen.
- Behov for felles knutepunkt/ressursenter for karriere i regionen.
- Behov for regionstyre som gir ei klår målsetting og mandat for arbeidet i regionen.
- Stort underskot på unge-vaksne som flyttar ut av fylket i forhold til tilbakeflytting.
- Stort behov for å bli betre på karriererettleiing for gruppa vaksne og dei som ikkje er i skuleverket.

Ei etablering i regionen vil bidra positivt til desse problemstillingane.

Kundar/samarbeid:

Karrieresentera vert ein viktig leverandør til ulike brukarar som:

Regionalt arbeidsliv:

- Bli profilerte gjennom karrieresenteret
- Sette fokus på å ”selje” bedrifta, som framtidig arbeidsplass
- Ressurs for arbeidslivet

NAV:

- Rettleie NAV om utdanning regionalt og nasjonalt.
- NAV dekker brukarane sine behov endå betre ved å delta i karrieresenteret.

Skuleverket:

- Framtidsretta karriererettleiing
- Koordinere arbeidet i regionen.
- ”Informasjon til bruk i faget utdanningsval.
- Bidra med arbeidslivskunnskap.
- Arrangere næringsreiser i regionane.

Vurdering:

I høyringsfråsegna var Nordfjorrådet positiv til etableringa utan å ta stilling til finansiell medverknad, dette går fram av fråsegna som vart sendt, jf. pkt. 3 i fråsegna;

- 3) «**Ressursar:** Ressursar må stå i forhold til dei tiltenkte oppgåver. Som det går fram av høyringa, er det ei utfordring om stillingsressursane vert for små i høve til å rekruttere fagpersonar til stillingane, og å få løyst dei skisserte oppgåvene. Knappe ressursar vil og vere problematisk i forhold til at karrieresentera skal vere verkemiddel for å nå utdannings- og arbeidsmarknadspolitiske målsettingar for regionen/fylket og det å kunne tilby desentraliserte tenester.

Målet må vere 200 % stillingsressurs:

Fylkeskommunen 100 % (karriere 70% -vaksenopplæring 30% -ein auke på 30% i forhold til høyringa).

NAV (Stat og kommune) 100%.

Det er naturleg at fylkeskommunen har driftsansvaret for senteret. Det må vere ein føresetnad at denne stillinga ikkje vert delt med andre funksjonar utanom senteret. At senteret i tillegg har 100 % stilling, vil også syte for naudsynt breidde i fagkunnskapen, og at ein dermed får løyst dei tiltenkte oppgåvene. Om den sistnemnde stillinga skal delast på ein eller to personar, bør ein vurdere når ein har gjort avtale med kommunane/NAV i regionen.

Finansiering: Kommunane i regionen må gjere politiske vedtak om ressursbruk i etterkant av vedtaket i HO. Det vil vere naturleg at Nordfjorrådet drøftar saka.»

For å få karrieresenteret opp å gå, føreset det at kommunane går inn med midlar og er ein del av spleiselaget med finansieringa. Nordfjorrådet har avgrensa midlar til å gå inn med årlege tilskot. Men som ei hjelp for å få etablert senteret, har rådet moglegheiter til å bidra med ei finansiell starthjelp i første etableringsfase.

Nordfjorrådet har i sitt budsjett for 2012 ein post på kr. 400.000 til **Rekruttering og profilering**. Her er ikkje starta opp noko prosjekt eller gjeve løyving frå denne budsjettposten (men tilrådd kr. 120.000 til søknad frå Reisemål Stryn&Nordfjord i sak 010/12).

LEIAREN SI TILRÅDING:

- a) Nordfjorrådet løyver kr. 200.000 som starthjelp til Karrieresenter for Nordfjord i 2012.
- b) Nordfjorrådet er positiv til å delta med eit tilskot for 2013 etter søknad.
- c) Løyving frå Nordfjorrådet føreset at kommunane og dei andre partane tek sin del av spleiselaget.

Anne-Britt Øen Nygard
- Leiar -

14.05.2012 NORDFJORDRÅDET

NFRÅ-011/12 VEDTAK:

- a) Nordfjorderådet løyver kr. 200.000 som starthjelp til Karrieresenter for Nordfjord i 2012.
- b) Nordfjorderådet er positiv til å delta med eit tilskot for 2013 etter søknad, men føreset at Sogn og Fjordane er med i finansieringa frå starten av og at dei andre partane tek sin del av spleiselaget.

Samrøystes



NORDFJORDRÅDET

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Nordfjordrådet	14.05.2012	012/12	SIV

Avgjerd av: Saksansv.: Sigmund Vereide	Arkiv: Namn-, Namn- Objekt:	Arkivsaknr
---	---	-------------------

SAMFERDSLE I NORDFJORD, framlegg frå samferdselsgruppa (nytt pkt i Handlingsplanen 2012 – 2013)

Handlingsplan for Nordfjordrådet 2012 – 2013 vart vart sist vedteken 12. desember 2011. Pkt 3 i planen omhandlar samferdsle og lyder slik i eksisterande plan:

3. SAMFERDSEL

- a. 45- minutts region
- b. E 39 – Nordfjordbrua
- c. FV 60 Olden – Innvik
- d. Stad skipstunnel
- e. RV 15 Strynefjellsvegen.
- f. FV 60, Tomasgard – Møre grense.

TILTAK:

Nordfjordrådet skal vere pådrivarar for at Nordfjord skal stå samla bak samferdsleprosjekta som i dag ligg føre for å betre samferdslestruktur for Nordfjord.

- a) Felles front for samferdsleprosjekta i Nordfjord
- b) Arbeide for at det vert vurdere alternativ vegfinansiering for å få raskare realisering av prosjekta.

Samferdslegruppa kjem med slikt framlegg til rådet om nytt pkt 3:

«3 Samferdsle

Innleiing

Nordfjord har ca 30.000 innbyggjarar, men inga einskildkommune har over 7.500 innbyggjarar. Vegnettet er til dels dårleg utbygd i nord/sør-aksane i alle deler av Nordfjord og mot tilstøytanderegionar i nord og sør. Det er ikkje etablert tenlege rutetilbod for arbeidspending med buss og båt mellom sentra i regionen og mot Sunnfjord/Sunnmøre.

Større og meir funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar – både internt og mot Sunnfjord/Sunnmøre - er avgjerande for utviklinga i Nordfjord. Nordfjordrådet vil i sitt arbeid prioritere samferdsletiltak som skaper større bu- og arbeidsmarknadsregionar. Vi vil samarbeide om å vidareutvikle aust/vest-aksen (Rv 15), og om å bygge ut tre effektive transportaksar nord/sør i Nordfjord og mot Sunnfjord/Møre. Vi står samla om at vi er villige til å nytte brukarfinansiering for å forsere utbygginga av vegnettet i nord/sør-aksane, i spleiselag med fylke og stat.

Nordfjordrådet erkjenner at kysten er i ei særstilling på grunn av dårleg utbygd vegnett og svakt rutetilbod med båt nord/sør. Nordfjordrådet meiner det er eit stort potensiale for å skape vekst på kysten av Nordfjord gjennom målretta satsing på samferdsle, på same måte som til dømes på kysten av Sunnmøre. Det vil i sin tur kome heile regionen til gode.

Prioriterte saker/prosjekt i handlingsplanperioden:

Nordfjordrådet vil peike på at samferdsle-infrastrukturen i regionen er sterkt underfinansiert. Særleg gjeld det fylkesvegnettet, noko som er forsterka ved at staten har overført ansvaret for deler av riksvegnettet til fylkeskommunane, utan at nødvendige løyvingar har følgd med. Nordfjordrådet står samla i kravet om ei styrka finansiering av vegnettet i regionen, både for auka vedlikehald, rassikring og nødvendige nyinvesteringar.

Nordfjordrådet skal medverke til å framskaffe kunnskap og dokumentasjon om effektane av samferdslesatsing i regionen for å skape større bu- og arbeidsmarknadsregionar, anten som eigen region eller i samarbeid med Sunnfjord og Sunnmøre.

I tillegg skal Nordfjordrådet engasjere seg på vegne av regionen i følgande samferdsleprosjekt av stor regional betydning:

Statlege ansvarsområde:

Veg: **E39 og Rv 15**

Hamner og farleder: **Stad Skipstunnel**

Luftfart: **Rutetilbodet på Sandane lufthamn**

Nordfjordrådet vil syne til eigne fråsegner om viktige felles krav frå regionen i desse sakene.

Fylkeskommunale ansvarsområde:

- **45-minuttsregionen/Kystvegen**
- **Fv 60, Byrkjelo – Møre grense**
- **Gjennomgåande bussruter og båtruter**

I samband med at E39 får ny trasé over Kvivsvegen, legg Nordfjordrådet til grunn at ein held oppe minimum dagens standard og frekvens på vegen over Stigedalen og ferjestrekninga Volda - Folkestad.»

Når det gjeld prioritering av enkeltprosjekt på fylkesvegnettet, syner Nordfjordrådet til fylkeskommunen si gjeldande prioriteringsliste slik den er vedteken av Fylkestinget.

14.05.2012 NORDFJORDRÅDET

NFRÅ-012/12 VEDTAK:

Samrøystes



NORDFJORDRÅDET

Møtebok

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Nordfjordrådet	14.05.2012	013/12	SIV

Avgjerd av: Saksansv.: Sigmund Vereide	Arkiv: Namn-, Namn- Objekt:	Arkivsaknr
---	---	-------------------

FRÅSEGNER OM SAMFERDSEL I NORDFJORD

Nordfjordrådet drøfta utkast til samferdselsfråsegner frå samferdselsgruppa og gjorde vedtak om:

- Rv 15 Strynefjellet
- Sandane Lufthamn
- Stad skipstunnel
- 20-minutts ferjefrekvens Lote-Anda som strakstiltak på E39
- Styrka ferjetilbod Måløy – Oldeide etter opninga av Bremanger 2
- Styrking av bussrutenettet i regionen etter opninga av Kvivsvegen

Dei ulike fråsegnene:

1) Fråsegn vedr. Rv 15 Strynefjellet (til fylkestinget og departement og stortingsbenken)

Utvikling Rv.15

Regularitet og tidsmessig standard på rv.15 Strynefjellet har avgjerande betydning for næringslivet i heile Nordfjord og i regionen vestover til kysten og nordover på Sunnmøre. I framlegg til KVU for rv.15 Strynefjellet er konsept 0+ lagt til grunn på kort sikt, med ein kostnad på 411 mill. Som framtidig løysing er konsept B3 tilrådd, med ein kostnad på 1405 mill. kroner. Konsept B3 løyser då ikkje utfordringane på strekninga Videseter – Skåre (skredutsett av 3 fonner) eller vanskar med sidevind i Breidalen.

Planteknisk ramme set av 480 mill. + 470 mill til ras-sikring på heile strekninga Otta – Måløy i planperioden. Først ved +45% blir det rom for nyinvestering, då er ramma føreslege auka til 950 mill + 600 mill til ras-sikring for same strekning.

I tillegg til Strynefjellet er det investeringsbehov austover mot Otta.

For næringslivet kan konsept 0+ for Strynefjellet vere ei akseptabel mellomløsning på kort sikt. Men det er avgjerande at framtidig løysing ikkje ligg lenger fram i tid enn at den får plass i NTP 2014 – 2023.

Dei samla utfordringane er så store og tidskritiske at planteknisk ramme må aukast med minst 45%.

2) Fråsegn vedr. Sandane Lufthamn

Til Widerøe Flyveselskap AS
Førnebuv. 30/40
N- 0080 Oslo

Fråsegn om rutetilbodet ved Sandane lufthamn

Det vert vist til brev frå Widerøe om høyring på rutetilbodet ved dei regionale flyplassane frå september 2012. Nordfjorrådet vil påpeike at trafikken på Sandane lufthamn har hatt sterk vekst dei siste åra. I 2011 nytta 36 227 passasjerar flyplassen i Nordfjord. Dei fire første månadane i år har trafikken auka med 19,4 prosent i høve til same periode i fjor.

Nordfjorrådet meiner Sandane lufthamn sitt rutetilbod må utviklast vidare dei komande åra for å stette trongen for næringsliv og andre reisande som skal til og frå regionen.

Widerøe har konsesjon for ruteflyginga i Sogn og Fjordane dei komande fire åra.

Nordfjorrådet påpeikar at i ruteplanen er det viktig å oppretthalde rutetilbodet til Oslo og til Bergen på minst same nivå som i førre anbudsperiode. Dette innber fire avgangar til Oslo mandag til fredag. Det er svært viktig at avgangen kring kl 14.00 på dagen vert oppretthalden. Laurdag har det nye ruteprogrammet berre ein avgang til Oslo mot tidlegare to. Eit samband til/frå Oslo ut på dagen laurdag må kome inn att i ruteopplegget. Ut frå sterkt aukande trafikk må Widerøe vurdere større setekapasitet gjennom veka.

Nordfjorrådet stør Widerøe sitt arbeid med planlegging og førebuing for utfasing av Dash 8 fram mot år 2030. Selskapet er alt i gang med å fornye flåten med oppgraderte fly og har god dialog om produksjon av nye fly for dei regionale flyplassane i Noreg. Nordfjorrådet krev at Sogn og Fjordane fylkeskommune og staten aktivt stør arbeidet for at fly med minst 39 sete og trykk-kabin skal nyttast på dei regionale flyplassane i åra som kjem.

3) Fråsegn vedr. Stad skipstunnel (fylkestinget, departement, stortingsbenken)

Prosjekt Stad skipstunnel har vore gjennom mange utgreingar. KVVU framlagt i 2001 og 2007 viste ein positiv samfunnsøkonomisk nytteverdi av prosjektet.

KVVU framlagt i 2010 viste negativ samfunnsøkonomisk nytteverdi, men det var då ein del ”ikkje prissatte konsekvensar” som ikkje var tatt med. Desse konsekvensane vart karakterisert som til dels svært viktige.

SINTEF sin rapport: KVVU Stad skipstunnel – en kritisk gjennomgang, datert 10. februar 2011, som tok utgangspunkt i KVVU-en og då spesielt dei ”ikkje prissatte konsekvensane”, konkluderte med ein positiv samfunnsmessig nytte på 1,2 mrd. NOK for det store alternativet og 1,7 mrd. NOK for det små alternativet.

Rapporten ”KS1 Stad skipstunnel”, datert 13. mars 2012, er no lagt fram og av hovudkonklusjonen går det fram at deira analysar viser at ”netto nytte av Stad skipstunnel er større en det som fremkommer av KVVUen.” Fortsatt er det viktige ikkje prissatte effektar som ikkje er tatt med. I følgje rapporten er dei viktigaste momenta at:

- Fiskerinæringa, som kan få mindre kostnader og reduserte tap
- Trygghet, som kan auke for sjøfarande, deira familiar og andre bekjente
- Turisme, som kan auke som følgje av tunnelen
- Einskilde næringseffektar, som resultat av betre kommunikasjon

”Tilleggsutredningar KS1 av KVVU Stad skipstunnel”, datert 24. januar 2012, framlagt av Kystverket, konkluderer med ”at tunnelen kan gjennomseiles under alle værforhold som det aktuelle fartøyet har vært i stand til å seile i under den forutgående seilasen frem mot tunnelen.” Og ”en kan ikkje se noen endringar til dagens forutsetningar/muligheter for å etablere en forlenget hurtigbåtrute.”

Konklusjonen når ein legg alle rapportane til grunn, kjennskap til alle ulykker, nestenulykker og hendingar på Stadhavet, er at å byggje Stad skipstunnel er eit både riktig, framtidsretta og samfunnsøkonomisk lønsamt prosjekt. Ein bør då følgje Kystverket sin anbefaling å bygge etter det største alternativet som er dimensjonert etter hurtigruteskipet MS Midnatsol.

Skipsleia er den viktigaste transportvegen for alle som bur langs kysten, men Stadhavet er den viktigaste årsaka til avbrot i ferdsla. Næringslivet, passasjerar, og ikkje minst fiskeri- og oppdrettsnæringa, der kravet til transportkvalitet og gode logistikk-løysingar heng nøye saman, er avhengig av at denne transportvegen er trygg, open og at den fungerer. Dei økonomiske konsekvensane Stadhavet i dag har for fiskerinæringa er svært høge.

Hurtigbåtane som går langs Vestlandskysten kan ikkje sertifiserast til å gå forbi Stad, dette grunna svært vanskelege bølge-, straum-, vind- og navigasjonsforhold. Det blir derfor eit kunstig geografisk skilje mellom Sunnmøre og Nordfjord, og mellom Bergen og Ålesund/Trondheim. Ved å byggje Stad skipstunnel og utstede nye farledbevis så vil ein opne for eit heilt nytt og spennande kollektivtilbod.

Få andre prosjekt kan i så stor grad medverke til å flytte transport av gods frå land til sjø. Dette er og i tråd med målsettinga til regjeringa og i NTP.

Stad skipstunnel kan byggast innafor kjent teknologi og vil vere den einaste av sitt slag i heile verden. Prosjektet må derfor ha ei nasjonal merksemd – med internasjonalt potensiale som mål.

Etter SINTEF sin nye rapport datert 10. mai 2012, viser dette ein samla samfunnsøkonomisk nytte ved bygging av Stad Skipstunell på mellom 435 – 920 mill kr.

4) Fråsegn vedr. 20-minutts ferjefrekvens Lote-Anda som strakstiltak på E39

Til Statens Vegvesen Region Vest, samferdselsdepartement, stortingsbenken og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nordfjorrådet krev at ferjefrekvensen på E39 Anda-Lote blir auka snarast råd, slik at det blir 20-minuttsavgangar på dagtid og betre frekvens enn i dag på kveld/natt.

Transportetatane sitt framlegg til ny NTP som nylig er lagt fram, syner at større utbyggingar av E39 gjennom Nordfjord uansett konsept/traseval vil ligge ein del år fram i tid. Auka ferjefrekvens på Anda-Lote er difor eit nødvendig strakstiltak på E39 for å betre rammevilkåra i vår region for næringslivet.

Betre ferjefrekvens Anda-Lote er også eit tiltak som har samla støtte frå heile det politiske miljøet i Sogn og Fjordane. I fylkestinget si behandling av KVVU for E39 Skei-Ålesund i januar stilte samtlege fylkestingsrepresentantar seg bak krav om minimum 20 minutts ferjefrekvens på E39 Anda-Lote. Også Statens Vegvesen peikar i KVVU-en for Skei-Ålesund på at auka ferjefrekvens er eit prioritert strakstiltak i påvente av framtidige vegutbyggingar.

E39 Anda-Lote er det nest mest trafikkerte ferjesambandet i fylket, med ein årsdøgn-trafikk på over 2.200 bilar i døgnet. Det har vore sterk trafikkvekst på sambandet dei siste åra. Nordfjorrådet vil be Statens Vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune setje fortgang i arbeidet med saka, slik at 20 minutts avgangar på Anda-Lote kan bli innført frå våren 2013.

5) Fråsegn om styrka ferjetilbod Måløy – Oldeide etter opninga av Bremanger 2

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune (kopi Fjord 1)

Nordfjord rådet krev at ferjefrekvensen på sambandet Måløy-Oldeide aukast slik at sambandet kan nyttast som eit effektivt samband for trafikk mellom ytre Nordfjord og Florø/Førde.

I mai 2013 åpnar Bremanger II sambandet. Sambandet er ein del av 45 minutters regionen og vil korte ned avstanden mellom Svelgen, ytre Nordfjord og Florø/Førde betydeleg. Det kan forventast ei kraftig auke av trafikken over ferjesambandet Måløy-Oldeide. Veien vil korte ned avstanden mellom ytre Nordfjord og Florø/Førde med ca 40 km, noko som har stor betydning både for næringsliv og private. Avstanden til Sentralsjukehuset i Førde har også stor betydning for befolkninga i Ytre Nordfjord. Dagens ferjetilbod har for få avgangar. Ferjetilbudet må tilpasses behovet som kommer ved åpningen av Bremanger II.

6) Fråsegn om styrking av bussrutenettet i regionen etter opninga av Kvivsvegen

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opninga av Kvivsvegen gjev nye busstilbod mellom Sunnmøre og Indre Nordfjord. For å styrkje og underbygge ei slik satsing, ønskjer Nordfjorrådet å få utarbeidd ei samanhengande løysing for eit

”stamrutenett” med buss i Nordfjord, med hyppigare bussavgangar aust/vest og nord/sør for å styrke mulighetane til arbeids- og skulependling internt i regionen.

Eit langsiktig mål bør vere timesavgangar langs hovudaksen ei regionen samt nordover mot Volda og sørover mot Førde. Slike løysingar må utgreiast som del av det pågåande arbeidet med anbodsutlysing av bussrutene i Nordfjord , og i dialog med busselskapa. Ein bør som del av dette arbeidet også sjå på mulighetane for betre båttilbod mellom Ytre Nordfjord og Ålesund/Florø.

14.05.2012 NORDFJORDRÅDET

NFRÅ-013/12 VEDTAK:

Samrøystes



NORDFJORDRÅDET

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Nordfjordrådet	14.05.2012	014/12	SIV

Avgjerd av: Saksansv.: Sigmund Vereide	Arkiv: Namn-, Namn- Objekt:	Arkivsaknr
---	---	-------------------

FRÅSEGN OM BROTTET I JORDBRUKSFORHANDLINGANE

Det vart lagt fram utkast til fråsegn i møte vedr. brottet i jordbruksforhandlingane:

«Til landbruksministeren

Fråsegn frå Nordfjordrådet om brottet i jordbruksforhandlingane

Nordfjordrådet er regionrådet for sju kommunar i Nordfjord. Landbruket er ein av berebjelkane for busetnad og næringsutvikling i vår region. Vi ser det som avgjerande for utviklinga i distrikts-Noreg at landbruksnæringa har gode rammevilkår.

Nordfjordrådet syner til brottet i jordbruksforhandlingane mellom Regjeringa og landbruksorganisasjonane, og pågåande aksjonar i samband med dette.

Nordfjordrådet meiner at bøndene må ha ei inntektsutvikling på line med resten av samfunnet. Vi krev at måla og strategiane i landbruksmeldinga må følgjast opp i årets jordbruksforhandlingar. Det må løne seg å produsere god og kortreist mat, og bøndene må kunne ha inntekter som gjer det mulig å investere for framtida – også for nye generasjonar bønder i Nordfjord.

Nordfjordrådet meiner ingen er tent med ei langvarig konflikt om framtida for landbruket. Vi vil oppmode Landbruksministeren om å ta nødvendige initiativ til at partane kan ta opp att forhandlingane. «

14.05.2012 NORDFJORDRÅDET

NFRÅ-014/12 VEDTAK:

Samrøystes